

# **GUDSTENESTE MED KVINNEPERSPEKTIV FOR SAMAR OG SAMISKE SAMFUNN**

Forslag til gudstenesteopplegg på Maria bodskapsdag

## **INNLEIING**

Vi er samla her i kyrkja på Maria bodskapsdag, ein dag som har hatt mykje å seie også for samane overalt der dei bur. Maria bodskapsdag samlar oss om noko som er større og meir verdifullt enn vi kan uttrykkje med språket vårt, men som bilete og forteljingar kan hjelpe oss å ane.

På denne måten vil vi òg her vise fram det sentrale i kristentrua, fellesskapet mellom menneske, som er gudgitt fordi Gud har skapt oss.

For få år sidan avslutta kyrkjer over heile verda eit tiår med temaet ”kyrkjer i solidaritet med kvinner”. Vi ønskjer med dette å rette merksemda mot kvinner og deira behov både i kyrkjelege fellesskap og i andre samanhengar, der vi kan stå saman med kvinner over heile verda.

No vil vi rette merksemda mot gruppa av urfolkkvinner, som er mellom dei fattigaste i verda. Vi er samiske kvinner som lever i den rike delen av verda når det gjeld materielle gode. Som urfolkkvinner ønskjer vi å vise solidaritet og fellesskap med andre urfolkkvinner over heile verda no når FN-tiåret for urfolk nettopp er avslutta.

## **PROSESJONSSALME**

Laudate omnes gentes (på latin, samisk og norsk), Salmer 97 nr. 230

## **NÅDEHELSING på samisk og norsk**

I namnet til han som skaper, han som set oss fri, og han som gir liv.

## **INNGANGSORD på samisk og norsk**

Det er Maria bodskapsdag. I denne gudstenesta skal vi vandre med Maria.

Vi skal vandre saman med henne til Elisabeth, der Maria fekk stadfesta sitt forhold til Gud og Guds forhold til henne.

Vi skal vandre saman med kvarandre, for det er i fellesskap vi får stadfesta vår tru.

Vi skal vandre i glede over livet, fellesskapet og mangfaldet.

Men først skal vi rydde bort alt som kan hindre denne vandringa.

## **SYNDSVEDKJENNING på samisk og norsk**

Lat oss bøye oss for Gud og sanne syndene våre.

Gud, vi står framfor deg, kvinner og menn av ulik avstamming, med ulike språk og ulike kulturar. Vi sannar at vi ofte strevar med å sjå og verdsetje kvarandre.

Tilgi at vi ikkje høyrer deg rope til oss. Herre, gi oss visdom til å leve med mangfaldet og å søkje deg der du er å finne – i levande fellesskap, der det er rom for våre ulikskapar. Herre Gud, du himmelske forelder, hjelp oss som Maria, å lovsyngje deg i møte med kvarandre.

### **KYRIE (frå den samiske liturgien) på samisk**

### **GLORIA (frå den samiske liturgien) på samisk**

### **KOLLEKTBØN (frå den samiske liturgien) på samisk**

Bøn for Maria bodskapsdag

#### **1. TEKSTLESING på samisk og norsk**

Tekst: Møtet mellom Elisabeth og Maria, Luk 1,39–45

#### **SALME på samisk og norsk**

Mu vaibmu vaddjøl / Mitt hjerte alltid vanker, Las 367 / NoS 45

#### **2. TEKSTLESING på samisk og norsk**

Tekst: Marias lovsong, Luk 1,46–56

#### **TRUVEDKJENNINGA på samisk og norsk**

Lat oss vedkjennast trua:

Vi trur på livsens Gud, som held oppe og skaper verda på nytt. Stjernene jublar, jorda og havet lovprisar Skaparen. Gud er gledeskjelda og opphavet til all frigjering. Frå han kjem ærefrykt for livet og mot til handling.

Vi trur på Jesus Kristus, vår frelsar, som levde vårt liv og leid vår død. Oppstått i oss frir han oss frå redsle og hat. Frå ukjend framtid møter han oss med nåde og siger for Guds rike.

Vi trur på Den Heilage Ande, som gir verda liv og sameinar over grenser og murar. Ho formar ei menneskeætt av folk og nasjonar, kvinner og menn. Ho skaper undring i oss over det heilage livet og manar kyrkja til å vere Guds teikn på jorda til alt blir fullenda i rettferd og kjærleik. Amen.

#### **SALME på norsk**

Vi synger med Maria, NoS 119

#### **PREIKE**

Her kan ein lese den vedlagde teksten ”Om Jasna Gora og den svarte madonna” på samisk og norsk.

### **SALME på samisk**

Mu baiman hearra (Min hyrding), Lg 19

### **FORBØN på samisk og norsk**

I dag takkar vi for livet, for det Guds under det er å bli fødd inn i denne verda.

Vi takkar særleg for den erfaringa mange kvinner har med å bere spirande liv i seg.

Takk for at vi også slik kan oppleve Guds nærvær.

Vi ber om at vi kan møte kvarandre med den same glede og kjærlege godhug som Maria og Elisabeth synte.

Vi takkar for alle kvinner og menn som er engasjerte i omsorg for andre menneske.

Vi ber om styrke til å ta vare på naturen og spora etter dei som har gått føre oss, våre forfedrar og formødrer.

Vi ber for alle som strevar med å takke for livet.

Hjelp oss å sjå dei som lid åleine. Kom med ditt levande håp.

### **Stille bøn og lystenning**

(eventuelt ved lysglobe)

### **Forbøn og bønesvar**

Å Gud, høyr vår bøn, Salmer 97 nr. 161

### **Fadervår**

Kyrkjelyden ber bøna høgt på samisk og norsk samtidig.

### **SALME på samisk og norsk**

Almmalas ahcci / Himmelske fader, Las 371 / NoS 311

### **VELSIGNINGA**

Ta imot velsigninga: Velsigninga frå Gud, vår skapar, Jesus Kristus, vår utløysar, og Den Heilage Ande, vår livgivar, vere med dykk alle. Amen.

### **PROSESJONSSALME på samisk**

Mu báimman Hearra Ipmil lea, Lg 19 / NoS 319

Vedlegg 1:

## **Om Jasna Gora og den svarte madonna**

Ei forteljing frå ei kvinne til ei anna

### **Innleiing til forteljinga om Jasna Gora**

Dette er eit døme på ei forteljing som er skriven ned etter munnleg overlevering. Ho skildrar ein opplevd situasjon på ein bestemt stad og er fortald i samband med utprøvinga av gudstenestemateriellet i Kirkenes kyrkje i Sør-Varanger i 2003. Forteljinga er ikkje meint som nokon mal for andre kyrkjelydar som skal bruke materiellet.

Arbeidsgruppa oppmodar likevel andre kyrkjelydar om at dei på liknande måte lèt kvinner og menn bruke sine opplevingar og sine forteljingar i samband med gudstenesteutvikling og når dei tek i bruk dette gudstenestemateriellet.

Gruppa som har arbeidd fram dette materialet, oppmodar kyrkjelydane til å ta fram det stadeigne og la dei forskjellige samiske områda nytte det som finst lokalt. Det er viktig for å få fram mangfaldet i dei ulike samiske samfunna. Gudstenesteutvikling er eit fint høve til å synleggjere samisk trusliv.

Alle har vakse opp med forteljingar om Maria og vorte fengsla av mysteriet om henne. Ingen andre har fått så mange blomstrar kalla opp etter seg: marikåpe, marihand, madonnalilje og fleire. Mange av desse plantene har lækjande kraft, særleg i samband med fødsel. Marinøkleblomen kan låse opp portane til jorda og himmelen.

Jasna Gora er ein stad i Polen. Det er mange historier om Jasna Gora og den svarte madonna. Den svarte madonna er eit ortodoks ikon i katedralen i Jasna Gora. Ikonet viser jomfru Maria og er kjent over heile Europa fordi det er spesielt heilagt. Madonna skal fleire gonger ha redda Polen. Under 2. verdskrigen prøvde tyskarane å bombardere festninga. Alle forsøka mislukkast fordi flya vart innepakka i skodde så flygarane miste all sikt. Størst inntrykk gjer likevel alle forteljingane om lækning. Det vart slik at eg fekk besøkje denne flotte staden, og slik opplevde eg det.

Vi kjem til ein stor port og går inn saman med mange andre menneske. Dei fleste krossar seg idet dei går inn. Framfor oss ligg ein steinsett plass med trapper til mange bygningar. Eg følgjer min polske venn Wieslaw inn i katedralen, som har veldige søyler, og der dekorerte tak kvelver seg i store bogar.

Vi kjem inn i eit nytt, lite kapell inne i kapellet. Lyset i rommet er dunkelt, og portane til det vesle kapellet er opne. Vi set oss på ein benk inne i kapellet, eg ser meg forsiktig om. Det kjennest underleg å vere her, nesten uverkeleg. Eg høyrer mumling rundt meg frå menneske i djup bøn. Veggene er fulle av smykke som jomfrua har fått frå menneske som har bedt henne om hjelp. Den svarte madonna er skjult bak ei sølvplate, og alteret er dekt av blomstrar og lys. For ein vakker, fredfull stad. Eg berre nyt roa og veit ikkje kva som ventar.

Med eitt høyrest høge trompetfanfarar, og alle kneler på golvet i bøn. Eg gjer det same og er spent på kva som no skal skje. Sakte byrjar sølvplata framfor den svarte madonna å røre på seg medan musikken held fram. Madonna kjem meir og meir til syne og er til slutt heilt avduka. Ho er kledd i ei kappe av funklande steinar, og kjolen er dekt av liljer. Over hovudet har ho ei krone, eller er det ein aura av gull? På fanget hennar sit barnet.

På høgre kinnnet har madonna eit arr etter sverdet som nokre røvarar ein gong trefte henne med – Maria, vår lidings mor. Det var på 1400-talet at ein røvarbande kom og plyndra kapellet og skadde madonna. Munkane som budde der, vart djupt fortvila og sende biletet til restaurering i Krakow. Der fekk dei eit uventa problem, den nye målinga ville ikkje halde. Smerte lèt seg ikkje viske bort. Det gjorde at endå fleire pilegrimar kom for å sjå og be til henne.

Eg sit og ser på biletet. Det blir sagt at ho alltid ser deg sorgmodig i auga. Ho er trist, det er som ho ser den smerta ho seinare skal oppleve.

Kven var egentleg denne Maria? Mange meiner at biletet av Maria i Jasna Gora er det mest korrekte fordi dei trur Lukas har målt det. Lukas er ein av dei fire evangelistane. På biletet er Maria avbilda med ei bok – Bibelen. På den måten gjer Lukas det klart at den som fortel om Jesus, også må fortelje om Maria. Maria er utvald av Gud til ei spesiell oppgåve. Ho tek på seg oppgåva og blir derfor lovprist av englane. Ved å lytte og bøye seg er ho med og fullfører Guds plan. Ho var søkjande og lyttande, men òg ei bekymra mor.

Ein munk kjem opp til alteret og seier noko eg ikkje skjønar. Så kjem presten, og messa er i gang. Alt går føre seg på italiensk, og eg skjønar ingenting. I kapellet er det fri veg langs alle veggene, og eg ser folk gå knelande rundt i rommet. Då messa er over, fortel Wieslaw meg at desse folka har spesielle ting å be om. Det har eg òg, så eg kneler og går rundt alteret. Mi bøn er for venninna mi heime. Også ho er mor, som Maria.

Eg reiser meg og går ut frå det vesle kapellet med ei heilt spesiell kjensle, det kjennest godt. Då eg kjem ut i katedralen igjen, oppdagar eg kva dekorasjonane på veggene er. Dei er dekte med smykke, halsband, armband, kjede, krykkjer og stokkar. Det må vere hundrevis, kanskje tusenvis. Wieslaw seier han vil gå og spørje ein munk kvar eg kan levere gåva frå venninna mi. Han kjem tilbake, tek meg i armen og ber meg bli med han.

Vi går gjennom katedralen til vi er inne i eit vakkert rom med benker langs alle veggene. Benkene er fylte med kandelabrar og stakar, og langs veggene er hyller fylte med bøker. Her inne er det berre prestar og munkar.

Ein eldre prest kjem og spør kva eg ønskjer å snakke med dei om. Eg fortel han kvar eg kjem frå, og kvifor venninna mi vil gi smykket sitt til madonna. Presten er vennleg og ber meg gå til ein ung munk som står ved eit alter. På nytt fortel eg bakgrunnen for besøket mitt. Munken seier dei ikkje har hatt besøk tidlegare frå nokon som bur så langt nord i verda. Han gir meg ei stor bok, innbunden i skinn, der han bed meg skrive bøna mi. Samtalen går på engelsk, og eg skriv bøna på engelsk.

Munken tek imot den vesle gullkrossen og seier dei vil be spesielt for venninna mi neste gong dei held messe. Denne messa vart halden ein laurdag i november. Eg takkar munken for at dei tok imot meg, og går. Snart skal smykket henge saman med mange andre som eit vitnemål om håp, men òg om takksemd.

Utanfor er katedralen kransa av tolv vakre og enorme statuar. Motiva er henta frå då Jesus om morgonen tok krossen på ryggen, frå avrettinga, gravferda og oppstoda. Maria følgjer han i lidinga. Medan vi står ved siste monumentet, oppstoda, kjem det til syne ein stor regnboge, som kransar himmelrommet. Min polske venn ser på meg og seier: – Det er eit godt teikn.

Vedlegg 2:

## **”Som fullverdige mennesker for Guds ansikt” – om mariadagen og samene**

### **Erfaringer og refleksjoner ved arbeidsgruppa som har utarbeidet gudstjenesteopplegget**

#### **Valg av dag for markering av kvinneperspektiv**

Mariadagen/ Márjjá lohpadusbeaivi den 25. mars har fra gammelt av vært en meget betydningsfull dag for samene, og det eksisterer fortellinger og eventyr med et kristent innhold som er knyttet til bebudelsen og til Maria. Dette viser at den muntlige kulturen og fortellertradisjonen er bærer av et kulturelt innhold, som det kan være på sin plass å gi rom for og trekke frem i større grad enn før. Her gjenstår det mye arbeid. Det gjelder både det å samle stoffet gjennom lydopptak og det å ta i bruk den muntlige tradisjonen, men også det å skrive ned og formalisere denne kulturen. Mariadagen og bebudelsen har stått og står fortsatt sterkt i samisk trosliv og kirkeliv i alle samiske områder.

Vi håper at mariadagen kan være et egnet utgangspunkt for å feire gudstjenester med kvinneperspektiv i det samiske samfunn.

#### **Hvorfor kvinneperspektiv – også i det samiske samfunn?**

En kort spørreunde hos personer i ulike deler av de samiske samfunn ga ulike reaksjoner og uttalelser. Arbeidsgruppen trekker på bakgrunn av dette den konklusjonen at dette arbeidet må forankres og utformes i lokale menigheter. Det er ikke meningen å lage en felles mal for en gudstjeneste som skal fungere inkluderende for alle samiske kvinner i alle samiske områder. Vi ønsker å synliggjøre den variasjonen og det mangfoldet som samiske kvinner utgjør som gruppe.

#### **Hvordan kan lokale menigheter ta i bruk dette gudstjenestematerialet?**

Det må prioriteres å sette av tid til å drøfte disse spørsmålene i lokalmenigheter der det bor samer. Resultater må betraktes og vurderes over tid, og en må være prosessorientert fremfor resultatorientert. Samene har vært utsatt for en hard fornorskningsspolitikk fra kirke og stat i hundre år. Samtidig kan en si at samene, over like lang tid som de norske, har tatt i bruk kristendommen og kommet til tro på mange ulike vis. Undertrykkelsen som det norske samfunnet har gjennomført overfor samene, har medført at samene har tatt i bruk ulike former for forskansning også når det gjelder kristen tro og kirkeliv.

I hvilken grad er samfunnsforhold som fører til, skaper og opprettholder en ujevn maktfordeling mellom enkeltmennesker, grupper og lokalsamfunn gjenstand for analyse og vurdering? I hvilken grad er kirka opptatt av enkeltmenneskers skjebne, tilkortkomning og handlinger? Dersom kirka, som forvalter av kristendom og som evangeliets fremste formidler i samfunnet, skal ha troverdighet, så må slike samfunnsforhold gjøres til gjenstand for oppmerksomhet.

Kirka, som offentlig institusjon, må bygge opp sin kompetanse omkring likeverdighet som norm og skape større forståelse for hvordan samfunnsmessige forhold virker inn på enkeltmenneskers og gruppers liv. Dersom arbeid med samiske gudstjenester med kvinneperspektiv ikke er påbegynt i lokalmenigheten, anbefales det å sette i gang med aktiviteter der ulike former for samtaler om slike tema inngår. Det er nødvendig å tilpasse den

kommunikative formen til dem som skal delta. Aktivitetene må gjennomføres på måter som fungerer i de ulike samiske samfunnene. En rent akademisk skriftspråkbasert tilnærming er nødvendigvis ikke veien å gå alle steder. I den sammenhengen kan det være nyttig å peke på at arbeidet må tydeliggjøres for alle og at det må være åpenhet omkring hvilket formål det har og hvem det er som tar initiativ.

### **Gudstjenester med kvinneperspektiv – igangsetting av arbeidsgrupper i lokalmenighetene**

Arbeidet med å utvikle gudstjenester med kvinneperspektiv kan følges opp av andre tiltak. Dette kan være mer praktisk rettede tiltak for kvinner, som arbeidsfellesskap med samisk husflid (duodji), felles salmesang, møter der en tar med bilder og forteller historier, utflukter til bestemte steder og annet. Slike arbeidsformer vil kunne medvirke til at det oppstår et sosialt fellesskap som kan danne et nytt grunnlag for å delta i gudstjenestelivet i lokalmenigheten. Det må da legges til rette for at gode sosiale og kulturelle prosesser får utvikle seg og bli synliggjort. De verdiene dette skaper og de erfaringene en høster kan så komme til nytte i en mer formalisert sammenheng ved at folk også får delta i utformingen av gudstjenestene.

Kirka kan legge til rette for at samiske kvinner kan sette i gang med å lage studieringer, samtalegrupper, møtesteder eller arbeidsgrupper som skal fungere over tid. For å få gode resultater må en arbeide faglig med å gi rom for konstruktive kommunikasjonsformer som er inkluderende og kulturelt tilpasset. Lokale menigheter kan innhente kompetanse på ulike områder ut fra både nasjonale og internasjonale erfaringer som er høstet i arbeid innenfor kirken.

Samenes uformelle institusjoner og former kan være et godt utgangspunkt, og kirkens ansatte kan lære seg til å fornemme hvilke ressurser og kilder til kulturell fornyelse som ligger i slike prosesser.

### **Det gode eksemplets makt.**

Den samiske befolkningen rommer fagfolk og institusjoner som har kompetanse til å bistå kirka med å gjøre dette arbeidet, dersom kirka som offentlig institusjon er villig til å legge forholdene til rette. Ved et grundig og etterrettelig arbeid er det mulig å gjøre store fremskritt og finne frem til gode lokale løsninger. Arbeidet med gudstjenesten med kvinneperspektiv i Sør-Varanger er et eksempel på dette. Her fikk noen kvinner anledning til å ta i bruk sin uformelle og formelle kompetanse. Denne kompetansen var ervervet både gjennom arbeid innenfor samiske institusjoner som Samisk Kirkeråd, Samisk Høgskole, Nordisk Samisk Institutt og Sametinget og gjennom uformelle samiske institusjoner som slekta, fadderskapet, læstadianismen og dens forsamlinger og trosfellesskap, arbeidsfellesskapene i bygdene og faglig fellesskap – for å nevne noe.

Arbeidsformer, som kan medvirke til en konstruktiv og positiv utvikling, er i dette arbeidet også hentet fra urfolksseminarer for ungdom som Nord-Hålogaland bispedømmeråd har arrangert, samt fra det som er gjennomført i forbindelse med satsingsområdet ”Ung i kirken”. Kontaktperson her er Line Skum.

## **Kjelder til liturgien:**

### Samisk liturgihefte:

Allameassu. Gaskaboddosas liturgiija 1999. Dábálas vuohki, Sámi Girkoraddi / Samisk kirkeråd.

### Dei samiske salmane er henta frå:

Lávllagirji 1999 (Lg). Sámi Girkoraddi / Samisk kyrkjeråd.

Lasiheapmi sálbmgirjai 1997 (Las). Sis-Finnmárku proavássuokanis.

## **Forslag til aktuell litteratur:**

Beckman, Ninna Edgardh 2001: *Feminism och liturgi – en ekklesiologisk studie*. Verbum, Stockholm.

*Being Church and Overcoming Racism. Resource Guide*, World Council of Churches 2004.

Eriksen, Edel Hætta (red.) 2003: *Árvut, Árvo, Vierhtie, Samiske verdier*. En artikkelsamling fra Árvokommisuvdna / Verdikommisjonen.

Eriksen, Gry Friis 2004: Den automatiske likestillingen. En undersøkelse om integreringen av likestillingsspørsmål i Den norske kirke etter Det økumeniske tiåret. I *Det praktisk-teologiske seminars skriftserie*, nr. 11.

*Kirker i solidaritet med kvinner. Rapport fra Det økumeniske tiåret 1988-98*, Kirkerådet 1999.

Lande, Gunvor (2002): *Visjonen om likeverdet. Det økumeniske tiåret 1988–99. Kirker i solidaritet med kvinner i El Salvador og Norge, Kenya og Japan*. Bibliotheca Theologiae Practicae nr. 67, ARCUS, Lund.

*Opplegg til 8. mars gudstjenester og andre gudstjenester med kvinneperspektiv*, Kirkerådet 1996.

Stendal, Synnøve Hinnaland (2004): Framtiden i våre hender! Hva slags kirke vil vi ha? Feministiske utfordringer til framtidens kirke i Norge. I *St. Sunniva* nr. 1/04.